HELSE FØRDE
Medisinsk legeteneste FSS

# Møtereferat

**Deltakarar:**
Astrid Dale, Mona Løvø, Jan Ove Tryti (PKO Indre Sogn), Christine Assnes, Anita Sørheim (PKO Nordfjord), Torgeir Finjord, Rune Tilseth, Dag Fadnes, Guro Rutledal (LIS 2), Normund Svoen (PKO Sunnfjord/Ytre Sogn), Bent-Are Hansen, Ole Lervik
**Forfall:** avd.sjef Laila Haugland, resten av overlegegruppa

**Kopimottakarar:**

**Møteleiar:** Hildur Thingnes
**Møtedato:** 21.01.21
**Klokkeslett:** 12 - 13
**Møtenr:** 1/2021
**Møtestad:** Join / SIM-Hildrabygget
**Arkivref:** 2021/443 - 4959/2021

---

## Referat frå samhandlingsmøte med PKO og overlegane medisin FSS

| Saksnr | Emne | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 1 | **Reetablering av samhandlingsmøter.**<br>**- Behov/hyppigheit, forventningar, innhald**<br>**- Felles for med.avd. evt. fagspesifikke utanom Kveldswebinar?**<br><br>Behov for jamnlege samhandlingsmøter torsdagar (PKO-dag)<br>- Fellesmøter som dette (alle fagområde)<br>- Fagspesifikke møter innan prioriterte område, særleg kring ressurskrevjande pas. og pas.grupper med høgt volum.<br><br>- Vurdere behov for korte kveldswebinar (erstatning for tidl. fagforum for legar) der kommunelegar kan spørje ein spesialist og omvendt. | Thingnes kallar inn |
| 2 | **Aktuelle saker frå PKO:** Spørsmål kring koronavakta, ØH-innleggingsrutina, kardiologi, diabetes, KOLS, gastro, eldremedisinsk pol., hepatitt-prosjektet.<br><br>**Diabetes:**<br>Svara ut av nefrologane: Hølleland (endokrinolog) vurderer alle tilvisingar. Nefrologane, med noko hjelp av LIS 2, må ta mange av dia-kontrollane. For lite kapasitet. Etterslep årskontrollar. NSH har ikkje legeressurs no (men har diabetessjukepleiar). LSH har ikkje tilbod. Nefrologane svarar | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | på telefonar kring diabetes dersom Hølleland ikkje er tilgjengeleg.<br>Forholdsvis fleire med dia type 2 har blitt ståande i kontrollsystemet ved NSH enn ved FSS. Treng å avslutte fleire, la fastlegar følgje opp (jfr SMS Florø si satsing på dette).<br><br>**Nefrologi:** Godt tilbod og samarbeid. Følgjer retningsliner.<br><br>**Kardiologi:** Spm. kring kapasitet, om mange blir tilviste vidare til HUS / LHL.<br>Etterslep på kontrollar, nokså ajour med nytilviste. Tilvisingar ofte for lite konkrete, treng planlegge betre. Fleire unødvendige kontrollar. Har 20 – 25 tilvisingar pr.dag, vurderer alle til NSH, LSH og. Tek tid å følgje opp dialogmeldingar,- blir ikkje gjort tilstrekkeleg.<br>HUS tek unna CT angio m.m. LHL-klinikken lite brukt.<br>«Sjekkliste for tilvisingar» bør prøvast: Utarbeidast i eige møte.<br><br>**Lunge:** Spm. kring kontrollopplegget ved KOLS.<br>Lungelege: har fleire til kontrollar enn nødvendig.<br>Kommunane si oppfølging ulik. Nokre KOLS-pas. må vente for lege på «ØH-time» hos fastlege,- kjem til FSS av den grunn.<br>Treng separat møte om ansvarsfordeling og felles rutinar.<br>Kreftpas. godt oppfølgde. Mykje spesialisert behandling i sjukehusa. Palliativ omsorg i kommunane.<br><br>**Gastroenterologi:**<br>Oppfølging av hepatitt c-pas: Arbeidsgruppa stoppa pga korona. Ta igjen til hausten.<br>Store volum-utfordringar innan scopiar. Nasjonale forventningar med spesifikke kriteriar for pas. > 40 år, korte fristar. Nokre er klare pakkeforløp, men mange er utan funn.<br>Saknar konsekvenstenking for pas. >80 år. Gevinst av u.s.? Informert pas.? Helsetilstand? Kanskje dei skal utgreiast, men ikkje nødv.vis så raskt.<br>PKO: Paradoks med dei eldre, men vanskeleg å vurdere nytte/unytte.<br>Sakn av diagnostisk eining, kunne diskutere utan å nødv.vis bruke pakkeforløp.<br><br>Kan bruke «diagnostisk pakkeforløp» eller tilvise til vanleg utgreiing.<br><br>**Geriatri/eldremedisinsk pol.**<br>Godt tilbod. Kan EMP ta fleire av dei eldste?<br>Ikkje kapasitet til meir pr. i dag, men tilbodet står ved lag ved FSS (overlege Søgnen, spes.spl. Gard Endal, ergoterapeut lite i drift). Midlertidig stopp i tilbod ved NSH pga legemangel.<br>Søgnen vurderer alle tilvisingar. | |

| | | |
|---|---|---|
| | **OK å ringe koronalegen?** Ja, fungerer godt.<br><br>**ØH-innlegging utan konferanseplikt med LIS 2-vakta.** Er det likevel for mange «unødvendige» telefonar?<br>Ikkje opplevd slik. Bra at innleggande lege slepp ringe ved klar indikasjon for innlegging. Begge partar fornøgde med ordninga.<br>Overlege: kan evt. ringe spesialist ved behov for konferering | |
| 3 | Aktuelle saker frå med.avd.<br>Ikkje tid til meir. Semje om behovet for fagspesifikke møter utover fellesmøta | |
| 4 | Møteplan | Thingnes planlegg |

Hildur Thingnes
referent